



Erlend Kvamsdal
Areklettvegen 96
5986 Hosteland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/762 - 23/7076

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
17.08.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til mellombels plassering av flyttbare bustadvogner - gbnr 17/9

Me syner til søknad motteken 10.08.23

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Erlend Kvamsdal
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 c) løyve til tiltak for oppføring av midlertidige bygningar for inntil 2 år på gbnr. 17/9, Skjelsundet, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 06.06.23 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling, datert 10.05.22.
3. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve, datert 29.06.22.
4. Tiltakshavar skal melda til kommune når bygningane er fjerna.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Basisgebyr, midlertidige konstruksjonar	1	5.400,-
	Totalt gebyr å betala		5.400,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av 11 midlertidige arbeidsbrakker (10 sovebrakker , 1 vaskebrakke) som vert nytta i samband med eit midlertidig arbeidsforhold som ei entreprenørbedrift har hos ei bedrift i Gulen kommune.

Fakta

Tomta er godkjent planert i sak 19/490 og det er etablert kommunal vassforsyning fram til tomta og etablert privat avløpsanlegg. Tiltakshavar opplyser at dei midlertidige vognene nyttar seg at desse anlegga.

Vurdering

Tiltaket er lovleg nabovarsla og det er ikkje kome merknadar frå nokon av naboane.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Erlend Kvamsdal

Areklettvegen 96 5986

Hosteland